

Saksbehandlar: Svein Hågård
Avdeling: Fylkesrådmannen
Sak nr.: 13/7965-2

Høringsfråsegn til Brannstudien

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune sitt prinsipielle syn er at regjeringa bør vurdere organiseringa av brann- og redningstenesta som ein del av arbeidet med ei ev. kommunereform.
2. Sogn og Fjordane fylkeskommune meiner brann- og redningstenesta framleis bør vere ei kommunal teneste.
3. I det tilfelle at regjeringa vil følge opp føreliggjande Brannstudie gjev fylkesutvalet fylkesordføraren fullmakt til å vere med på ei høyringsfråsegn saman med Fylkesmannen i Sogn og Fjordane.

Vedlegg:

Andre dokument som ikkje ligg ved:

«Rapport frå arbeidsgruppe som har vurdert brann- og redningsvesenets organisering og ressursbruk», desember 2013.

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn

Justis- og beredskapsdepartementet har sendt på høyring «Rapport frå arbeidsgruppe som har vurdert brann- og redningsvesenets organisering og ressursbruk» (Brannstudien).

Høyringsfristen er 17. februar.

Nemnde arbeidsgruppe vart oppretta og leia av Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB). Gruppa har greidd ut korleis dei samla ressursane i brann- og redningsvesenet kan utnyttast best mogleg og i samhandling med andre beredskapsaktørar.

Hovudsynspunkta og tilrådingane til arbeidsgruppa er som følgjer:

- Det er behov for endringar. Dagens fragmenterte og til dels svært små brannvesen skaper utfordringar. Det er krevjande for mindre fagmiljø å oppretthalde naudsynt spesialkompetanse innanfor t.d. beredskapsområdet.
- Det er ei styrke ved dagens organisering av brann- og redningsvesenet at det er ei kommunal teneste.

- Det er behov for større organisasjonar for å kunne nå dei nasjonale måla som er nedfelt i St.meld. nr. 35 (2008-2009) «Brannsjkerhet»ⁱ:
 - Modell 1: Følgjer dagens fylkesgrenser og inneber at det vert 18-19 brann- og redningsvesen.
 - Modell 2: Inneber at kvart brann- og redningsvesen skal dekkje minst 100 000 innbyggjarar eller følgje fylkesgrensene.
 - Modell 3: Inneber at kvart brann- og redningsvesen skal dekkje minst 20 000 innbyggjarar.
- Felles for alle modellane er at 110-sentralane skal dekkje fleire innbyggjarar enn i dag. Eit befolkningsgrunnlag på 400 000 er eit minimum. Bemanninga i sentralane må vere minimum tre årsverk på dagtid og to årsverk om natta.
- Arbeidsgruppa tilrår modell 1.

2. Vurdering og konsekvensar

I regjeringa sin politiske plattform heiter det at regjeringa vil gjennomføre ei kommunereform.ⁱⁱ Regjeringa tek m.a. sikte på å overføre makt og mynde til meir robuste kommunar. Naudsynte vedtak skal treffast i perioden.

Etter fylkesrådmannen sitt syn bør regjeringa vurdere organiseringa av brann- og redningstenesta som ein del av arbeidet med ei kommunereform. Når regjeringa likevel skal føreta ein grunnleggjande og prinsipiell gjennomgang av kommunane sine oppgåver, må det vere føremålstenleg at også brann- og redningstenesta vert ein del av dette arbeidet.

Fylkesrådmannen er samd med arbeidsgruppa i at det er ein styrke for brann- og redningsvesenet at dette er ei kommunal teneste og føreslår for fylkesutvalet at dette kjem til uttrykk i vedtaket.

Dersom regjeringa ikkje vil ta brann- og redningstenesta inn i arbeidet med ei ev. større kommunereform, bør fylkeskommunen gje visse kommentarar til føreliggjande Brannstudie. Dette bør etter fylkesrådmannen si oppfatning kunne skje ved at fylkesordføraren får fullmakt til å slutte seg til ein fråsegn som fylkesmannen no har under utarbeiding. Dette vil i så fall kunne framstå som ei felles fråsegn frå fylkesmannen og fylkeskommunen. Fylkesrådmannen har vore i uformell kontakt med fylkesmannen om dette og ho er i utgangspunktet positiv til ei slik løysing.

ⁱ Det viktigaste av desse måla er færre omkomne i brann. Dei andre måla er styrka beredskap og handteringsevne, mindre tap av materielle verdiar, unngå brannar som lammar kritiske samfunnsfunksjonar og unngå tap av uerstattelege kulturhistoriske verdiar.

ⁱⁱ Pkt. 10 i dokumentet «Politisk plattform for en regjering utgått av Høyre og Fremskrittspartiet».